

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Sveinung Toft	FA-S05	19/558

Saknr	Utval	Type	Dato
063/2019	Formannskapet	PS	10.09.2019
054/2019	Kommunestyret	PS	26.09.2019

Revisjon av konsesjonsvilkår knytt til Matrevassdraget i Masfjorden kommune

Vedlegg:

Journalposttittel

	Dato
Retningslinjer for revisjon av konsesjonsvilkår knytt til vassdragsreguleringslova	04.09.2019
2012-0606_retningslinjer_for_revisjon_25mai_siste	04.09.2019

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Masfjorden kommune ber NVE om at det vert starta opp arbeid med revisjon av konsesjonsvilkåra knytt til Matrevassdraget.

Saksopplysningar:

Bakgrunn og fakta:

Revisjon av vilkår i eldre vassdragsreguleringskonsesjonar er ei sentral oppgåve for vassdragsstyresmaktene. I 2012 kom det eigne retningslinjer frå Olje- og energidepartementet som vert lagt til grunn for handsaming av av slike revisjonssaker. Desse er vedlagd saka.

I same dokumentet, i vedlegg 1, er det lista opp vassdrag som kan reviderast innan 2022. I Masfjorden kommune er det Matrevassdraget som er ført opp.

I kapittel 10 i retningslinjene er saksgangen for revisjonsarbeidet vist. Her står det:

«1. Krav om revisjon

Representanter for allmenne interesser påpeker og begrunner behov for endringer/krav overfor NVE (vassdragsmyndigheten), eller NVE påbegynner revisjonssak der behovene allerede er tilstrekkelig dokumentert.

2. Kommentering av innkomne krav

NVE ber konsesjonæren kommentere kravene og samtidig vurdere om det finnes muligheter for O/U prosjekter som kan ses i sammenheng med en eventuell revisjon.

3. Åpne revisjonssak

NVE avgjør om revisjonssak åpnes. Denne avgjørelsen kan påklages til Olje- og

energidepartementet.

4. Utarbeidelse av revisjonsdokument

Konsesjonær utarbeider revisjonsdokument etter mal (vedlegg 2).

5. Revisjonsdokument på høring

NVE sender revisjonsdokumentet på høring til berørte parter. Prosess knyttet til eventuelt O/U prosjekt søkes samordnet med dette.

6. Kommentering av innkomne høringsuttalelser

NVE sender høringsuttalelsene til konsesjonær for uttalelse og kan kreve faglige tilleggsundersøkelser eller annet faglig relevant dokumentasjonsbehov.

7. Innstilling til OED

NVE oversender innstilling til OED om eventuelle endringer av vilkår, med forslag til nye vilkår.

8. Kongen i Statsråd vedtar revisjon av reguleringskonsesjonen ved kongelig resolusjon.

9. Konsesjonærens muligheter etter en revisjon til å si fra seg konsesjonen.

10. Ikrafttredelse av nye konsesjonsvilkår»

Det ligg føre ein NVE rapport 72/2013 som heiter: « Vannkraftkonsesjoner som kan revideres innen 2022.»

I denne rapporten er det gjort ein nasjonal gjennomgang og framlegg til prioriteringar av 365 vasskraftkonsesjonar. Føremålet med revisjonen er å forbetre miljøtilhøva i dei regulerte vassdraga. I denne rapporten vert det føreslått at 50 vassdrag skal ha høg prioritet for revisjon, eitt av desse vassdraga ligg i Masfjorden kommune, det er Matrevassdraget. På side 57 i denne rapporten er det ein tabell som oppsummerer grunngevinga for prioriteringa som er gjort i Hordaland.

Vurdering

I denne saka er det ønskjeleg at det vert teke stilling til om kommunen skal krevja at NVE startar opp revisjon av konsesjonsvilkåra knytt til Matrevassdraget. Rådmannen ser for seg at om dette vert vedteke, skal det lagast ein fagleg grunngeving av administrasjonen, og at dette vert sendt over saman med vedtaket. Den faglege grunngevinga er i stor grad dokumentert i NVE rapporten nemnd ovanfor.

Konklusjon

Rådmannen rår til at det vert gjort vedtak om at det skal startast opp revisjon av konsesjonsvilkåra knytt til Matrevassdraget. Revisjonsobjekt 403 gjeve i NVE rapport 72/2013.

Formannskapet - 063/2019

FS - behandling:

Frode Lagnhelle (H) stilte spørsmål om han var inhabil til å behandle denne saka.

Formannskapet vedtok samrøystes (4 røyster) at Lagnhelle var inhabil og han forlot møtet.

Saka vart drøfta.

Formannskapet samla seg om fylgjande framlegg til tilråding:

Masfjorden kommune startar opp arbeidet med revisjon av konsesjonsvilkåra knytt til Matre- og Haugsdalvassdraget.

Framlegg om vedtak sett fram i møtet vart tilrådd til kommunestyret med 4 røyster.

FS - vedtak:

Masfjorden kommune startar opp arbeidet med revisjon av konsesjonsvilkåra knytt til Matre- og Haugsdalvassdraget.

Kommunestyret - 054/2019**KS - behandling:**

Frode Langhelle (H) sa han var inhabil i saka sidan han har leiaransvar i BKK. Kommunestyret vedtok samrøystes (15 røyster) at Langhelle var inhabil og han forlot møtet.

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes (15 røyster) vedteke.

KS - vedtak:

Masfjorden kommune startar opp arbeidet med revisjon av konsesjonsvilkåra knytt til Matre- og Haugsdalvassdraget.